



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

# Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Gjesdal kommune 5. desember 2014

---

Tema: Produksjonstilskot i jordbruket, sjukdomsavl ysing og skogtema

---

V r referanse 2014/10244

## Innhold

|   |    |
|---|----|
| <b>1. Samandrag</b> .....   | 3  |
| <b>2. Innleiing</b> .....   | 4  |
| <b>3. Bakgrunn for kontrollen</b> .....   | 4  |
| <b>4. Heimel for kontrollen</b> .....   | 4  |
| <b>5. Opplysningar om gjennomført kontroll</b> .....                                | 5  |
| <b>5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen</b> .....                            | 5  |
| <b>5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang</b> .....                            | 6  |
| <b>5.3. Tema for forvaltningskontrollen</b> .....                                   | 6  |
| <b>6. Funn</b> .....  | 6  |
| <b>6.1. Definisjonar</b> .....  | 6  |
| <b>6.2. Tema 1 – Skogbruksforvaltning – NMSK-strategi og foryngingsplikta</b> ..... | 7  |
| <b>6.3. Tema 2 – Risikovurderingar ved føretakskontroll (PT og AVL)</b> .....       | 10 |
| <b>6.5. Tema 4 – PT – Reaksjonar ved avvik og bruk av avkorting</b> .....           | 12 |
| <b>6.6. Tema 5 – Sjukdomsavløysing</b> .....  | 14 |
| <b>7. Oppfølging etter kontrollen</b> .....   | 14 |

## 1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Gjesdal kommune 05.12.2014. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordningane med produksjonstilskot, sjukdomsavløyising og foryngingsplikta i skogbruket.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

### Avvik:

- **Avvik 1:** Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket.
- **Avvik 2:** Kommunen har endra/retta i søknader utan å føre opp årsaka til endringa i merknadsfeltet i WESPA.
- **Avvik 3:** Kommunen har ikkje gjort ei skriftleg vurdering av avkorting i alle saker der søkjar har gitt feilopplysningar som kunne ført til meirutbetaling av tilskot.

### Merknader:

- **Merknad 1:** Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen.
- **Merknad 2:** Det er ikkje sett av nok ressursar til ei tilfredstillande oppfølging på skogområdet.
- **Merknad 3:** Generelt lite skriftleg dokumentasjon på korleis foryngingsplikta etter hogst blir følgt opp.
- **Merknad 4:** Malar for oppfølging av foryngingsplikta er ikkje tekne i bruk.
- **Merknad 5:** Retningsliner for omdisponering av skog til jordbruksformål til beite er ikkje tekne i bruk.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

## 2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 21.10.2014, og påfølgjande gjennomføring av kontroll 05.12.2014. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av produksjonstilskotsordninga, sjukdomsavløyning og oppfølging av foryngingsplikta i skogbruket. På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Førebels rapport blei sendt ut 09.03.2015. Kommunen hadde ingen merknader til denne. Denne rapporten er endeleg sluttrapport frå forvaltningskontrollen.

## 3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll av Gjesdal kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Gjesdal kommune var kommunen si forvaltning av produksjonstilskotsordningane, sjukdomsavløyning og foryngingsplikta i skogbruket.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

## 4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15, «*Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*». Her står det i § 15 første ledd at:

*«Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14».*

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 «*om produksjonstilskudd i jordbruket*»
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 «*om tilskot til avløyning*»
- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013 og Jordbruksavtalen 2013-2014
- Rundskriv 28/13 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014*»

- Rundskriv 13/1-2 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «Produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – saksbehandlingsrutiner ved søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014»
- Rundskriv 8/2012 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «Retningslinjer for saksbehandling ved feil utbetalt tilskudd eller erstatning»
- Rundskriv 07/11 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «Retningslinjer for behandling av søknader om tilskudd til avløsning ved sykdom mv.»
- Forskrift av 20.12.1996 «om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål»
- Forskrift av 07.06.2006 «om berekraftig skogbruk»
- Forskrift av 03.07.2006 «om skogfond o.a.»
- Forskrift av 04.02.2004 «om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket»

## 5. Opplysningar om gjennomført kontroll

### 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

|                                     |                           |
|-------------------------------------|---------------------------|
| Dato for kontroll: 05.12.2014       | Journalnummer: 2014/10244 |
| Dato for førre kontroll: 02.06.2010 | Journalnummer: 2010/4367  |

#### Kontrollert verksemd

|   |  |
|---|--|
| Kommune: Gjesdal                        | E-post : postmottak@gjesdal.kommune.no |
| Besøksadresse: Rettdalen 1, 4330 Ålgård | Telefon: 51 61 42 00                   |

#### Til stades frå kommunen

| Namn                | Funksjon                              | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|---------------------|---------------------------------------|-------------|----------|-----------|
| Gudrun Kristensen   | fagansvarlig landbruk, natur og miljø | x           | x        | x         |
| Connie Hellestø     | fagkonsulent                          | x           | x        | x         |
| Arnt Mørkesdal      | skogbrukssjef i Sandnes               | x           | x        |           |
| Trine Eide Fossmark | kommunalsjef samfunnsutvikling        | x           |          | x         |
| Eva-Maria Gartner   | leiar forvaltning                     |             |          | x         |

#### Til stades frå FM

| Namn            | Funksjon                  | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|-----------------|---------------------------|-------------|----------|-----------|
| Linn Borsheim   | kontrolleiar              | x           | x        | x         |
| Geir Skadberg   | ass. landbruksdirektør    | x           | x        | x         |
| Sissel Endresen | medkontrollør og referent | x           | x        | x         |
| Maja Stanojevic | medkontrollør             | x           | x        | x         |
| Stein Bomo      | medkontrollør             | x           | x        | x         |

## 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der ass. landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Linn Borsheim leia sjølve kontrollen med intervju, Maja Stanojevis var medkontrollør for ordninga med tilskot til avløyning ved sjukdom og Stein Bomo var medkontrollør for skog og foryngingsplikta. Sissel C. Endresen var medkontrollør og referent. For nokre av temaa blei intervjuet supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

## 5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

| Nr. | Tema   | Ønskjer svar på  |
|-----|--|--|
| 1   | Skogbruksforvaltning – NMSK-strategi og foryngingsplikta   | Korleis har kommunen følgt opp arbeidet med å sikre planting etter hogst?  |
| 2   | Risikovurderingar ved føretakskontroll (produksjons- og avløysartilskot)                                 | Kva vurderingar gjer kommunen ved utplukk av føretak til stikkprøvekontroll? Gjere greie for bakgrunnen for utplukk dei siste søknadsomgangane.                    |
| 3   | Kommunen sin kontroll av innkomne søknadar om produksjons- og avløysartilskot, medrekna driftsfellesskap | Korleis går kommunen gjennom innkomne søknadar for å kontrollere at søknadsdata er korrekt? I kva for nokre sakar går kommunane inn på driftsfellesskapsvurdering? |
| 4   | Reaksjonar ved avvik i søknadane, medrekna bruk av avkorting (produksjons- og avløysartilskot)           | Kva gjer kommunen i dei tilfella der det er feil i søknadsdata? Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting?   |
| 5   | Sakshandsamingsrutinar - sjukdomsavløyning   | Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknadar om avløysartilskot ved sjukdom?   |

## 6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

### 6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

## 6.2. Tema 1 – Skogbruksforvaltning – NMSK-strategi og foryngingsplikta

### **NMSK-strategi**

Generelt om kva kommunen aktivt gjer for å styrka dei langsiktige investeringane til oppbygging og skjøtsel av ny skog i tråd med nasjonale og regionale mål på området.

### **Om regelverket**

Kommunane skal, på ein lokaltilpassa måte, følgje opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdjupa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog er eit tema det er sett klare mål for, både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» .

Utdrag § 3; «*Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt*».

### **Vurdering på grunnlag av intervju**

Gjesdal kommune har 50 000 daa produktiv skog. Det er isolert sett svært gode forhold for intensiv kvalitetsproduksjon/skogproduksjon med over 70 % av det produktive skogarealet med høg eller super bonitet (tal frå AR5). Sjølv med krevjande driftsforhold i delar av kommunen, finst det relativt store areal som er godt eigna for intensiv skogproduksjon/kvalitetsproduksjon. Det er lite verdiskaping /vidareforedling basert på lokalt råstoff til materialar og ved. Gjesdal som hyttekommune har her eit unyttig potensial. Det er få skogeigarar som utnyttar og driv skogeigedomane sine aktivt. Det er også eit potensiale for å auke verdiskapinga og CO<sub>2</sub>-bindinga vesentleg på store delar av skogarealet gjennom oppbygging av meir kvalitetsskog og skjøtsel av skog.

Kommunen har i liten grad noko aktiv oppfølging på skogområdet. For å bøte på manglande oppfølging er det inngått avtale om kjøp av skogtenester frå Sandnes kommune – minimum 15 timar per år. Vår vurdering er at dette ikkje er tilstrekkeleg for å sikre ei forsvarleg oppfølging av skogoppgåvene.

Dei nasjonale og regionale målsettingane på skogområdet er ikkje synlege i kommunen sine eigne planar. I kommunen sin eigen landbruksplan er det ingen konkrete målsettingar og tiltak på skogområdet i forhold til både næringsutvikling (utvikling og oppbygging av ny skog) og aktiv bruk av skogen som klimatiltak.

I forvaltninga av dei økonomiske verkemidla, kalla Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), skal kommunen ha utarbeida fireårige tiltaksstrategiar. Kommunen har ingen

strategiplan for NMSK. Resultatet er at kommunen per i dag ikkje har ein synleg strategi for produksjon og bruk av skogressursane i kommunen.

### **Oppsummering**

Det er eit potensiale for å auke både verdiskaping og CO<sub>2</sub>-binding i tråd med nasjonale og regionale målsettingar. Kommunen har i svært liten grad nokon aktiv oppfølging på skogområdet. Omfanget av kjøp av skogtenestar frå nabokommunen er lite og er ikkje tilfredstillande for å løyse oppgåvene på skogområdet. "Skogsatsinga" er usynleg i kommunale føringar/planar med ingen/få konkrete mål og tiltak på korleis ein vil vidareutvikla skogen i Gjesdal ytterlegare, med tanke på både auka verdiskapinga og CO<sub>2</sub>-binding.

### **Merknad:**

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 1: Kommunen manglar strategi for nærings- og miljøtiltak i kommunen
- Merknad 2: Det er ikkje sett av nok ressursar til ei tilfredstillande oppfølging på skogområdet

### **Oppfølging av foryngingsplikta – planting etter hogst**

#### **Om regelverket:**

Oppfølging av foryngingsplikta er heimla i Skogbrukslova §§ 6 og 20 og tilhøyrande forskrift om berekraftig skogbruk, kapitel 3, §§ 6,7, 8 og 15. Planting etter hogst skal vere gjennomført innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til maksimalt 5 år. Det same gjeld eventuell omdisponering til innmark. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne.

#### **Vurdering etter intervju**

Det går fram av offisiell statistikk for Gjesdal at medan hogsten har tatt seg opp, har det ikkje skjedd foryngingstiltak/planting dei siste 12 åra. Det er difor på det reine at ein del hogstflater ikkje er forynga. Ein del av differansen kan forklarast ved at noko er omdisponert til innmarksareal.

Det blei plukka ut 3 hogstar frå 2007 og 2008 for nærare kontroll. På den eine hogsten er det ikkje gjort oppfølgingstiltak. Vi kan heller ikkje sjå at retningslinjene frå Landbruksdirektoratet og FM om ei formell skriftleg oppfølging av foryngingsplikta er tekne i bruk.

For den andre hogsten er det ikkje gjort oppfølgingstiltak utover at arealet blei plukka ut for kontroll i 2011 i samband med den faste og ordinære resultatkontrollen for foryngingsfelt/hogstfelt. FM og kommunen konstaterte at arealet hadde låge brakk i tre år utan tiltak, men at det no var planar for at arealet skulle omdisponerast til innmarksbeite. Det blei gitt



skriftleg tilbakemelding til skogeigar med pålegg om at det hasta med å få omdisponert arealet til innmarksbeite, jf. rapport frå FM, datert 18.01.2012. Per dato ligg framleis arealet inne som skogareal, der foryngingsplikta framleis gjeld. Ein vil heller ikkje kunne få arealtilskot til innmarksbeite utan at arealet er godkjent til innmarksbeite og kartgrunlaget er oppdatert.

For den tredje hogsten er det ikkje gjort oppfølgingstiltak utover at arealet blei plukka ut for kontroll i 2010 i samband med den faste og ordinære resultatkontrollen for foryngingsfelt/hogstfelt. Her gjennomførte kommunen kontrollen med tilbakemelding om at arealet var under omdisponering til innmarksbeite, men ikkje godkjent. Per dato ligg framleis arealet inne som skogareal, der foryngingsplikta framleis gjeld. Ein vil heller ikkje kunne få arealtilskot til innmarksbeite utan at arealet er godkjent til innmarksbeite og kartgrunlaget er oppdatert.

Kommunen har ikkje etablert skriftlege rutinar for oppfølging av foryngingsplikta. Det som er av oppfølging og tilbakemeldingar frå skogeigarar blir i liten grad loggført. Kommunen har difor vanskar med å kunne dokumentere oppfølginga av foryngingsplikta.

FM sine retningslinjer for omdisponering av skogareal til jordbruksformål er ikkje tekne i bruk.

### **Oppsummering**

Kommunen følgjer ikkje opp foryngingsplikta i tråd med krava i regleverket. Det er ikkje etablert rutinar for oppfølging av foryngingsplikta. Oppfølging og tilbakemelding frå skogeigarar blir i liten grad dokumentert. Retningslinjer frå Landbruksdirektoratet og FM for formell skriftleg oppfølging av foryngingsplikta er ikkje tekne i bruk. "*Retningslinjer for omdisponering av skog til jordbruksformål*" for praktisk oppfølging er ikkje tekne i bruk.

### Avvik:

På bakgrunn av konkrete saker og vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 1: Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regelverket.

### Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 3: Generelt lite skriftleg dokumentasjon på korleis foryngingsplikta etter hogst blir følgt opp.
- Merknad 4: Malar for oppfølging av foryngingsplikta er ikkje tekne i bruk.
- Merknad 5: Retningslinjer for omdisponering av skog til jordbruksformål til beite er ikkje tekne i bruk.

### 6.3. Tema 2 – Risikovurderingar ved føretakskontroll (PT og AVL)

#### Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 13/1-2 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

#### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Kommunen har skriftleg rutinebeskriving av risikobasert utplukk. Ved utplukk til kontroll sjekkar kommunen kven som blei kontrollerte dei siste 3 søknadsomgangane. Dei prøver på denne måten å få kontrollert nokon som ikkje er kontrollerte tidlegare. Ved januar-omgangane har kommunen fokus på grovfôrdyr. Ved augustomgangane er fokuset retta på beitedyr, og først og fremst føretaka med flest dyr på utmarksbeite. I landbruksplanen er det fokus på ugras og difor blir dette også eit tema på kontrollen. Kommunen kontrollerer ein vanskeleg sak som gjeld mogleg driftsfellesskap for kvar søknadsomgang.

For kvar søknadsomgang utarbeider kommunen eit notat som viser kva kriterier kommunen har lagt vekt på ved utplukket og kva føretak som skal kontrollerast. Etter kontrollen blir det laga eit notat for kvart føretak.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode skriftlege rutinar for å risikobasert utplukk.

FM fann ingen avvik og har ingen merknader.

### 6.4. Tema 3 – Kommunen sin kontroll av innkomne søknadar om produksjons- og avløyartilskot, medrekna driftsfellesskap

#### Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane.

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det er i strid med reglane om driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot.

Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju**

Kommunen stemplar søknadene og registrerer dei i systemet dersom dei ikkje er levert elektronisk. Dersom søkeren kjem inn på kontoret, går dei gjennom søknaden der og då. Det er ofte mange feil i søknader som er levert elektronisk. Dersom kommunen er i tvil, ringer dei til søkerane. Mange feil skuldast at søkeren berre fører opp dyretalet frå førre året. Kommunen tek kontakt pr. telefon i alle saker der dyretalet blir endra. Kommunen nyttar merknadsfeltet i WESPA.

Kommunen er særleg merksam på utmarksbeite og der det er innmark og utmark utan gjerde. Ved oppstart av sal av grovfôr krev kommunen dokumentasjon og tek vare på den.

Lister etter input-kontrollane blir skrivne ut og dei gjer notater i sjølve listene. Desse listene tek kommunen vare på.

Når det gjeld driftsfellesskap, prioriterer kommunen å kontrollere samdrifter der enkeltmannsføretak har grovfôr dyr utanom. Kommunen prioriterer også familiemedlemmer som driv landbruksproduksjon. Kommunen ser på kor dyra er plasserte, kven som har ansvar for føring og ser også på tal frå rekneskapen. Kommunen viste til eit tilfelle der ein søker hadde sau plassert i ein annan søker sitt fjøs. Den eine søknaden blei avslått og den andre fekk søke på nytt for sine dyr.

### FM la fram døme på ulike saker frå Gjesdal henta frå WESPA.

Avløysartilskot:

- Sak 1 – Kommunen har auka beløpet.  
Kommunen har innhenta dokumentasjon og teke vare på den.
- Sak 2 – Kommunen har redusert beløpet og endra dyretalet.  
Dokumentasjon er innhenta og ligg i arkivet.

Produksjonstilskot - dyretal:

- Sak 5 – Endra dyretal, ikkje ført merknad i WESPA  
I denne saka blei søknaden stoppa fordi det var ført opp andre sine dyr. Denne blei ei manuell utbetaling.
- Sak 6 – Endra dyretal, ikkje ført merknad i WESPA  
Ser ut som at dyretalet er bytta om. Kommunen trur det er skrive noko om denne saka i arkivet.

Produksjonstilskot - lammeslakt:

- Sak 10 – Ikkje ført lammeslakt, men kommunen har ført på.  
Bruker slaktelista for å føre opp dyretal. Der dette dyretalet ikkje stemmer ber kommunen om meir dokumentasjon.
- Sak 11 – Endra dyretal, ikkje ført merknad i WESPA  
Kommunen meiner det er dokumentert, men finn ikkje søknaden i papir.

Produksjonstilskot - areal:

- Sak 13 – Arealet endra etter telefon frå søker  
Kommunen sjekkar Landbruksregisteret og gardskartet for å finne rett areal.

- Sak 14 – Søkjar har ikkje ført opp areal i søknadsfeltet, men kommunen har ført opp areal, ingen merknad i WESPA  
Kommunen har rutine for alltid å ta kontakt med søkjar før søknaden blir endra, men det er ikkje alltid at dato og namn på saksbehandlar blir notert.

Diverse:

- Sak 18 – Tal lam på beite er større enn dyretalet det er søkt på.  
Søknaden er godkjent av kommunen utan merknad.

Driftsfellesskap

- Sak 17 – Medlem i samdrift, har ført opp to egne storfe  
Kommunen hugsar ikkje om driftsfellesskap er vurdert i denne saka.
- Sak 21 – Medlem i samdrift, har ført opp egne storfe  
Brukar er gjort merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til desse dyra. Kommunen har ikkje vurdert driftsfellesskap. Drifta er så adskilt at kommunen meiner det ikkje er driftsfellesskap.

FM la fram liste som viser dei som har søkt ut frå same gnr/bnr. Kommunen har vore i kontakt med dei føretaka som blei gjennomgått på kontrollen merka med gult på lista.

Dei fleste bønder i kommunen kjenner til Rogalandsmodellen, men dei tek likevel kontakt med kommunen for å få hjelp til sjølve utrekninga.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen har på plass skriftelege rutinar for behandling av søknader om produksjonstilskot. FM ser dette som positivt. Ved gjennomgang av eit utval enkeltsøknader fann vi ein del søknader der kommunen hadde endra/retta dyretalet utan å skrive i merknadsfeltet i WESPA. FM viser til rundskriv 13/1-2, kap. 4.1.8, der det går fram at kommentarfeltet i WESPA alltid skal brukast til å forklare kvifor retting er gjort. På nokre av spørsmåla kunne ikkje kommunen svare, fordi sakene var behandla at ein saksbehandlar som var i permisjon. Dette illustrerer at det er viktig med gode rutinar for skriftleggjing i sakshandsaminga, slik at nye sakshandsamarar kan sjå kva vurderingar som er gjort.

### Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 2: Kommunen har endra/retta i søknader utan å føre opp årsaka til endringa i merknadsfeltet i WESPA.

## **6.5. Tema 4 – PT – Reaksjonar ved avvik og bruk av avkorting**

### **Om regleverket**

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. §§ 12 og 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på, jf. rundskriv 13/1-2 frå SLF, kap. 9.5. Ei god

oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 9.5.3 i rundskriv 13/1-2. Vurderingane skal sendast i brev til søkjar med kopi til FM, jf. pkt. 9.5.2 i rundskriv 13/1-2.

### **Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju**

Kommunen skil mellom feil som blir oppdaga av kommunen og feilregistreringar som føretaket sjølv gir melding om. Kommunen vurderer dei fleste av dei sistnemnte tilfella av feil som vanleg aktløyse og reagerer ikkje med avkorting. Dersom kommunen avkortar bruker dei avkorting tilsvarande meirutbetalinga. Kommunen vurderer i kvart enkelt tilfelle og dei nyttar merknadsfeltet i WESPA. Dei har ikkje fast rutine for å sende brev med vurdering til søkjar med kopi til FM.

Når det gjeld regelverksbrot, har kommunen no ei sak som gjeld uhell i samband med gjødselhandtering. Denne saka er ikkje ferdigbehandla. Elles har kommunen hatt ei sak som gjaldt brot på dyrevelferdslova. I den saka blei alt tilskotet avkorta.

Kommunen har også ei sak der søkjar har kryssa ja for miljøplan, men der søkjar ikkje har miljøplan. Her vil kommunen berre nytte standardisert tekk på kr 8 000,-, utan avkorting.

FM la fram 4 saker der kommunen har gjort endringar i høve til søkjaren sine opplysningar.

- Sak 25 – Det er søkt om økologisk, men kommunen har sletta. Dette var en ny søkjar og ein opplagt feilføring. Kommunen har difor ikkje vurdert avkorting.
- Sak 9 – Dyretal er endra – noko opp og noko ned. Totalt vi søkjaren få meir utbetalt etter kommunen si retting, og kommunen har difor ikkje vurdert avkorting.
- Sak 12 – Dyretal er endra. Kommunen hugsar ikkje, men antek at avkorting ikkje er vurdert.
- Sak 20 – Dyretal er flytta mellom to ulike søkjarar. Dette gjeld ein søkjar som var utsett for ein alvorleg bilulykke og der kommunen måtte hjelpe søkjarane med å fylle ut søknaden.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen har ikkje på plass gode nok rutinar for å vurdere avkorting. FM viser til rundskriv 13/28, kap. 9.5.2, der det går fram at avkorting skal vurderast i alle saker der søkjar har gitt feilopplysningar som kunne ført til meirutbetaling av tilskot som søkjar ikkje har rett på. Vidare står det at kommunen skal skrive brev til søkjar med kopi til FM der kommunen skal gjere greie for vurderingane om kvifor tilskotet skal avkortast/ikkje skal avkortast. I alle sakene som blei lagt fram på kontrollen, skulle kommunen gjort ei skriftleg vurdering kring avkorting.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 3: Kommunen har ikkje gjort ei skriftleg vurdering av avkorting i alle saker der søkjar har gitt feilopplysningar som kunne ført til meirutbetaling av tilskot.

## 6.6. Tema 5 – Sjukdomsavløyising

### Om regleverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om tilskot til avløyising ved sjukdom mv. jf. § 13 i forskrift for tilskot til avløyising. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Rundskriv 2014-10 frå SLF gir retningslinjer for behandling av søknader om tilskot til avløyising ved sjukdom mv.

### Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Det er vanlegvis avløyislaget som leverer søknaden for søkjar og som har med dokumentasjon. Dokumentasjon på betalt arbeidsgivaravgift blir som regel ettersendt. Kommunen hentar nødvendige opplysningar frå NAV og går gjennom søknaden. Kommunen sender vedtaksbrev til søkjaren med kopi til FM og avløyislaget.

Kommunen har skriftleg rutinebeskriving for saksbehandlinga. Kommunen sjekkar næringsinntekt og får inn næringsoppgåve.

Ein representant frå FM gjekk gjennom 10 søknader om sjukdomsavløyising for å kontrollere desse. All dokumentasjon var på plass.

### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har skriftleg rutinebeskriving på plass. Frå 2014 har kommunen sendt vedtaksbrev til søkjar med kopi til FM, dette er i tråd med krav frå FM. Alle enkeltsøknadene som blei kontrollerte hadde dokumentasjonen på plass.

FM fann ingen avvik og har ingen merknader.

## 7. Oppfølging etter kontrollen

Gjesdal kommune må innan 20.15.2015 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.